

17. februar 2017

### **SØKNAD OM STØTTE TIL GRATIS SKULEFRUKOST**

Austevoll vgs er ein yskesfagleg vidaregåande skule med 142 fulltidselevar og 6 elevar som tek programfaga hos oss. Me har 9 klassar fordelt på:

- Vg1 Studiespesialiserande
- Vg1 Helse og oppvekst
- Vg1 Teknikk- og industriell produksjon
- Vg1 Naturbruk a + b
- Vg2 Fiske og fangst
- Vg2 Akvakultur
- Vg2 Maritime fag, matros
- Vg2 Maritime fag, motormann

Inntakspoenga til vg1 har dei siste åra har vore slik:

- 2012/2013 3,45
- 2013/2014 3,52
- 2014/2015 3,51
- 2015/2016 3,59

Austevoll vgs er ein distriktsskule og me har ca. 66 elevar som kjem frå andre kommunar enn Austevoll og må, grunna lang reisetid, bu på hybel i Austevoll. 51 elevar bur på hybel og 15 elevar dagpendlar frå andre kommunar. Det kan vera utfordrande for ein 16-åring å ta ansvar for seg sjølv, kosthald, hygiene, skularbeid og husarbeid i ein så ung alder, så det å få starte dagen med gratis frukost i ei hyggeleg kantine på skulen trur me kan gjere underverk.



Me vil gjerne kunne tilby frukost til alle elevane våre og me trur det er viktig at me kan tilby frukost kvar dag for at elevane skal ha ein forutsigbar og strukturert skulekvardag. Me har i budsjettet vårt kalkulert med at det er 140 elevar på skulen kvar dag og at frukosten vil koste 15 kroner per elev.

140 elevar x 15 kr.	= 2100 kr. Per dag
x 5 dagar i veka	= 10.500 kr. per veke
x 38 veker	= 399.000 kr. per år.

---

Me syntes dette er så viktig å få til at skulen vil setje av 200.000 kr. av driftsbudsjettet for å dekke ein eigenandel på 50 %.

**Dvs. at me med dette søker fylket om å få dekke dei resterande 50 %, 200.000 kr. til gratis skulefrukost for elevane våre.**

Mvh

Vivian Bjånesø Horgen  
Rektor  
Austevoll vidaregåande skule  
56182008/40221441  
[vivian.horgen@hfk.no](mailto:vivian.horgen@hfk.no)